




Kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO



Dykkar ref.: 2006/01008 KU/KU2  
CHA:amb

Vår ref.: 200601430-6/OHU/008

Dato: 27.04.2006

## **RATIFIKASJON AV UNESCO SIN KONVENSJON OM VERN AV DEN IMMATERIELLE KULTURARVEN - HØRINGSUTTALE**

Universitetet i Tromsø støttar framlegget om at Noreg skal slutta seg til UNESCO sin konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven.

Dette er konklusjonen sjølv om konvensjonen etter universitetet si meining ikkje tek godt nok omsyn til folkegrupper sin rett til sjølv å bestemma over sin eigen kultur. Vi viser her mellom anna til artikkel 11 (b) og 15 i konvensjonen. Det kan ikkje vera tvil om at etter folkeretten føreset denne typen reglar ikkje berre deltaking ("participation"), men også uttrykkeleg samtykke ("consent") frå dei aktuelle folkegruppene. Dette er det teke omsyn til i prosessar i andre menneskerettsfora, mellom anna The Convention on Biological Diversity (CBD) og The World Intellectual Property Organization (WIPO). Artikkel 13 (d) (ii) i konvensjonen synest heller ikkje å vera forma ut med grunnlag i dette folkerettslege prinsippet, då han berre fokuserer på tilgang til kulturarven og ikkje tek omsyn til at folkegrupper kan ha rett til å hindra tilgang til i alle fall deler av kulturarven sin.

Det må også understrekast at ved oppfølginga av konvensjonen må ein ha for auge at vernetiltak ikkje må føra til at kulturen stivnar.

Merknader til departementet sitt framlegg:

- Det burde gå tydelegare fram under punkt 2 at språk og dialektar er viktige element i den immaterielle kulturarven. På same måte som biologisk mangfald er i fokus, bør det understrekast kor viktig det er med språkleg mangfald.
- I merknaden om artikkel 17 under punkt 2 er det nemnt at det skal setjast opp ei liste over immateriell kulturarv med akutt behov for bevaring. I denne kategorien kjem munnleg tradert kunnskap som t.d. forteljingar, joik, tru og tradisjonelle førestillingar. Det er eit viktig tiltak med "akuttliste" for det kan initiera dokumentasjonstiltak og her vil universiteta spela ein viktig rolle både med si forskning og undervisning og gjennom musea og arkiv. Å finna skjeringspunktet mellom levande kultur og dokument vil stå sentralt.
- I siste avsnitt av punkt 3.2 står at den immaterielle kulturarven vil bli ivaretatt indirekte gjennom ulike lover. Her er det viktig at styresmaktene tek ansvar for at dei aktuelle lovene vert følgde. Som døme kan nemnast at kulturelle grupper står i fare for å bli gjort usynlege

### **UNIVERSITETSDIREKTØREN**

#### **Forsknings- og studieavdelinga**

Universitetet i Tromsø, N-9037 Tromsø, tlf, e-post postmottak@uit.no vev www.uit.no  
seniorrådgivar, Olaug Husabø, tlf 77 64 52 77, faks 77 64 49 00, e-post olaug.husabo@adm.uit.no

ved at § 3, 2. ledd i *Lov om stadnamn* – som er ei av dei lovene som er nemnde i punkt 3.2 - ikkje vert følgt opp godt nok.

- Det er positivt at departementet legg til grunn at sentrale norske styresmakter har ansvar for at det vert gitt gode nok løyvingar til det samiske kulturfeltet (punkt 3.3). Tilsvarande ansvar må styremaktene ha for vern av den immaterielle kulturarven generelt.
- I samband med punkt 5 *Generelle/administrative konsekvenser* må det gjerast klart kva slags institusjonar som har ansvar for dei ulike områda av den immaterielle kulturarven. Dei aktuelle institusjonane må bli bedt om å vurdere kva faglege, økonomiske og administrative konsekvensar innføringa av konvensjonen vil få for dei.

Universitetet i Tromsø vil elles peika på at ordlyden i artikkel 1 i konvensjonen kan gi innhaldet eit paternalistisk preg: ”...i forhold til deres miljø, samspill med naturen og historie og gir dem en følelse av identitet og kontinuitet ...”. Det må vera meininga at konvensjonen skal gjelda for den immaterielle kulturarven generelt, så universitetet går ut ifrå at den vil bli tolka som om det står: ”...i forhold til miljø, samspill med naturen og historie og gir en følelse av identitet og kontinuitet ...”.

Med helsing



Jan Larsen  
universitetsdirektør



Eirik Liland  
forsknings- og studiedirektør